

# HYRDINGEN



Nr. 3

September 2021

ÅRGANG 63

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Kateketen har ordet

s. 2 Dugnadsånd i Vikedal

s. 5 Minnest Erik Frøyland med takk

s. 8

Redaksjonspennen

s. 3 Friluftsgudsteneste i Vikedal

s. 5 Aldri tie, aldri gløyme

s. 9

Min song

s. 3 Sommarkonsert i Vikebygd

s. 6 Gudstenestelista og kyrkjeboka

s. 10

Nytt semester med trusopplæring

s. 3 Vikestølsmøtet

s. 6 Kunngjeringar og møte

s. 11

Stemnestaden 75 år

s. 4 Hans Nilsen Hauge

s. 7 Sommaraktivitetar

s. 12



**HYRDINGEN:**  
Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170  
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og  
Vipps-nr. 53 14 72  
Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Layout/trykk: Omega 365 Design

**SOKNEPRESTANE:**  
Mandag er prestane sin fridag  
**Soknepresten i Ølen**  
Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529  
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

**Soknepresten i Skjold**  
Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

**Soknepresten i Vikedal**  
Tsegayesus Hurisa Hunde  
Vikedal kyrkjekontor  
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal  
Tlf. 970 38 011  
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: tysdag–fredag, 9–15

**Kateket Britt Karstensen**  
Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

**Organistar:**  
Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

**Haugaland prosti:**  
Pb. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

**Kyrkjeverja i Vindafjord:**  
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

**Soknerådsleiarar:**  
Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen  
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik  
Sandeid: Ragnvald Stople  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

## Kateketen har ordet

Britt Karstensen, kateket



### God tur!

Eg skulle ha vore på 5-dagars tur i fjellet i sommar. Ruta var klar, utstyrt på plass – til og med været var samarbeidsvillig. Ei vandring i nytt terrenn med passe store utfordringar. Slik blei det ikkje. Eit trøblete kne førte til endring av planane. Det blei dagsturar på lette, kjende stiar i staden for. Eg svikta turkameraten min som måtte gå åleine.

I livet hender det også at ting blir annleis enn me tenkte. Kanskje trur me at me skal ein veg...også endar me opp ein heilt annan plass. Kanskje tenkjer me at det er vanskelege dagar i vente, og så blir det heilt greitt, ingenting å uroa seg for. Eller kanskje motsett: den perfekte dagen me såg fram til endar i tårer. Sånn er det på livsvegen – ting skjer. Livet er ikkje stilleståande, det er slik det skal vera.

Det siste året har me blitt ganske så vande med å endra planar. Me har måtte læra oss at gamle «sannheiter» må vika i nytt terrenn. Det me gjorde i 2019 var ikkje ok i 2020 og 2021, nei sjølv det å gi ein klem blei feil i pandemien. Sånn er det med fleire ting me må ta stilling til i livet. Av og til må me rett og slett endra både meinings og vanar.

Som dei seier: «Det er lett å vera pasifist i fredstid»... gamle heltar var visst ikkje verdt ei statue likevel...ord og uttrykk som me i tankeløysa vitsa med tidlegare kunne såra djupare enn me såg for oss... me lærer og

### Speidarane på Refsnes

Bilde side 1.  
Friluftsgudsteneste på Refsnes i samarbeid med speidaren har tradisjon tilbake til midt på 80-talet. Steinar Sørhus fortel at det var han og Tor Sørhus som starta speidaren i Vats i 1985 og fekk med seg Olav Velde. Dei hadde innviing av kanoar på Refsnes. Då soknepresten fekk

utviklar oss heile tida. (Eg lurer av og til på kva dei om 100 år vil tenkja om oss...? Kva er det me gjer og seier, med våre skylappar og fordommar, som vil vera heilt usmakeleg og beint fram gale i 2121?)

Det er ikkje berre lett å vandra på denne livsvegen vår. Heldigvis har me ein turkamerat og fylgesven som ikkje sviktar. Jesus har lova å vandra med oss, og han blir ikkje stoppa av eit dårlig kne. Me kan spør om råd, få kraft og mot og er me skikkeleg modige så ber me om rettleiing også (for det kan jo tenkast at Han veit litt meir enn oss om kva som er lurt og rett og sant...?). Han er den same, uansett. Hans kjærleik til oss er konstant og levande og finn stadig nye måtar å nå fram til oss på, tilpassa terrenget der me er. Han gir oss liv og lys på vegen.

Nye dagar ligg framfor oss i haust. Mange kvardagar og nokre festdagar. Korleis dei blir og kva som skjer kan me håpa og tenkja mykje om, men det kjem sikkert nokre overraskinger både på godt og vondt. Uansett korleis det blir så skal du få lov til å leva dei dagane i lag med Jesus. Han sviktar deg aldri. Du treng ikkje gå åleine. Han viser veg. God tur!

### Joh 8,12

**Jesus seier: Eg er lyset i verda. Den som fylgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.**

høyra det ville han gjerne ha gudssteneste her. Så har dei halde på tradisjonen. Mest kvart år er det dåp i gudstenesta og med telt over prest og dåpsfølge er dei ikkje lengre vårvanhengige. I år overmatta småspeidarane her i telt frå laurdag til søndag. Det var opptak av unge speidarar og utdeling av merke.

Takk for at du bryr deg om kyrkja.

## Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

Vi gratulerer alle konfirmantane med dagen, nokre i august og nokre i september. Bileta tar vi i oktobernummeret. Om den vart utsett litt så er det likevel ein festdag med minne dei vil bera med seg gjennom livet. Andre kan samlast igjen i kyrkja og feire 50 års jubileum, andre 60 år.

Gjennom fleire år har det vore endringar i kyrjeleg organisasjon. Nye endringar står for døra. Denne gongen er det arbeidsgjevar og organisering ein drøftar. Utgreiing vert lagt fram for sokneråd og fellesråd til høyring i desse dagar. Til nå har prestar vore tilsette med prost og biskop over seg, medan andre kyrjeleg tilsette rapporterer til kyrkjeverja som er dagleg leiar for kyrkjene og underlagt fellesrådet. Det er forslag på å endre dette slik at alle blir i same linja.

Sist år hadde Fellesrådet synfaring på kyrkjene og ein vedlikehaldsplans oppdatert. Bjoa kyrkje var den siste kyrkja der det var planlagt større oppgraderingar med isolasjon, bordkledning og vindauge. Nå i haust er det Vikedal kyrkje som får utbetrinngar av därlege vindauge. Arbeidet er i gong. Ressursane er knappe og vi har 8 kyrkjer i kommunen. Universell tilpassing er ikkje på plass i alle ennå. Om kvalitetan på bygga nå er auka gjennom det arbeidet som er gjort, så vil det årleg vera trøng for vedlikehald. Dette er noko Fellesrådet har ansvar for å planleggja, og søker midlar frå kommunen til å gjennomføra. Midlar som ligg inne i rammeoverføringane til kommunen.

Kyrkjene våre er, og skal vera, hus der vi kan samlast i glede, men også i sorg. Folk i bygdene er glade i kyrkjene og seier i frå om ting ikkje er godt nok teke i vare. Rette adresse når ein ser trøng for tiltak er kyrkjeverja som har ansvaret for drifta, og som igjen legg fram planar og budsjett til godkjenning i Fellesrådet.

Takk for at du bryr deg om kyrkja.

## Min song

Eg heiter Annbjørg Naterstad Våge, bur på Bjoa, og jobbar på Brandøy Misjons- og konferansesenter.

Min song er «Stor er din trofasthet». Ordet «trufast» er på ein måte eit litt stillferdig ord, litt mindre prangande enn mange andre ord som blir bruk i ein del songar. Det er absolutt veldig flott å få bruka desse mektige, store orda og tekstane også. Men det er likevel noko med ordet og eigenskapen «trufast» som gjer at det er dette eg vel som min song. I ordboka blir «trufast» forklart med ein «som ikkje sviktar», og synonyma tru, pålitelighet, lojal, vedhaldande og tolmodig er nemnt. Tenk å få tru på og ta imot nåde frå ein trufast Gud! Og få stola



på at eg alltid vil få lov å komma tilbake til han. «Du er den same, din miskunn er evig. Slik som du var, skal du alltid forblie». I ei verd der mykje endrar seg, fortare enn nokon gong før, kan vi stola på at Gud framleis er den same.  
«Er vi trulause, så er han endå trufast, for han kan ikkje fornekta seg sjølv» (2. Tim. 2,13).  
«Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid» (Hebr. 13,8).

### Stor er din trofasthet

Stor er din trofasthet,  
Herre og Fader,  
Skiftende skygge  
når aldri din sti.  
Du er den samme,  
din miskunn er evig,  
Slik som du var,  
skal du alltid forblie.

Ref.: Stor er din trofasthet,  
stor er din trofasthet,  
Dag etter dag  
ga du nåde på ny.  
Himmelske hender  
gir alt jeg behøver.  
Trofaste Herre,  
hos deg har jeg ly.

Tidene skifter med  
dager og netter,  
Soler og stjerner  
har oppmerket gang.  
Syng, all hans skapning,  
og pris ham som styrer.  
Lov den allmektige  
Herre med sang.

Nåde for synder  
og fred uten like.  
Mesterens omsorg  
til støtte og stav.  
Styrke for dagen  
og håp for i morgen.  
Signing for barnet,  
som Gud tar seg av.

### Nytt semester med trusopplæring

Av Berit Stople

Nå er me endeleg godt i gong med eit nytt år med trusopplæring. Førre skuleår blei ikkje slik me håpa, med altfor mange avlysingar av ulike aktivitetar. Nå har me tru på eit meir normalt år med samlingar for store og små, rundt om i alle dei flotte bygdene våre!

Tredjeklassingane har alt fått vore på gardsbesøk når du les dette i Hyrdingen. Elles har me også starta opp med babysong i Ølen og Skjold. Ut over hausten skal det også m.a. delast ut 4-års bok i alle bygder, det

skal vere Krølle-samling for toåringar, Halloven for 4.–7. klasse og Lys Vaken-samling for 6.-klassingar. Nye konfirmantar er i gong med eit aktivt år med trusopplæring og me håpar at fjarårs konfirmantar vil vere med på MILK-kurs utover dette skuleåret.

Følg gjerne med på nettsida [vindafjord.kyrkjer.no](http://vindafjord.kyrkjer.no). Der legg me ut informasjon om dei ulike tiltaka me sett i gong med til dei ulike tidene.

Me gler oss til å treffen mange på aktivitetane rundt om i kyrkjer, bedehus, på gardar og ute og inne!



I tre generasjonar har Stemnestaden vore til stor signing. Mange har fått møta Jesus til frelse og fornying. Nokre kallar den ei perle, andre ein oase.  
(Foto: Bodil Høie)

## Stemnestaden – 75 år

Av Trygve Sandvik

Stemnestaden i Grinde vart vigsla som leirplass i mai 1946, og i år feirar dei 75 – års jubileum. I det høvet er det skrive bok " Stemnestaden – fra fiendskap til fellesskap". Forfattarane er: Tor Sigurd Selvåg, Marianne Callaghan og Kørner Høie. Boka er stappfull av stemningar og fakta. Utgangspunktet er at området der leirplassen ligg var tidlegare brakkelei for tyskarane under krigen, og det var tyskarane som bygde opp leiren. I medlemsbladet til Normisjon Rogaland i år (tidlegare Karmsund Indremisjon) har Kørner Høie ein artikkel om korleis Karmsund Indremisjon fekk tak i dette området. Kort fortalt hadde Indremisjonen eit aktivt leiarbeid ovanfor leirplassen , men dei hadde ikkje noko overnattingsplass og måtte difor leiga lokale rundt omkring med dei ulemper det medførte med å skaffa utstyr i dei leigde lokala og tilbakelevering. Det var derfor eit stort ønske frå Indremisjonen å ha ein fast plass som stod ferdig når leiranane starta.

Kretssekretær Knut Fosså Rørtveit i Indremisjonen på den tida fortalte at i 1943 på Grinde , fekk han eit syn om at bygginga til tyskarane denne gongen var bygging for Indremisjonen. Med utgangspunkt i at tyskarane før eller seinare ville tapa krigen, og at området

då ville verta selt, starta han i løynd innsamling til ny leirplass utan at nokon skulle vita kvar det var.

Då krigen var slutt, var pengane på plass i banken, og alt 11. mai 1945 gjekk søknaden til departementet om å få kjøpa plassen. Utpå hausten 1945 vart det utstedt skøyte til Karmsund Indremisjon på eigedom og bygningar for 30 000.

Etter at Indremisjonen hadde fått tak i leirplassen, starta jobben med bygging utover vinteren og våren. Etter hardt arbeid med fleire arbeidslag på dugnad, var det innviing 26. mai 1946 med stor fest. I følge Haugesunds Avis kunne det vera 3–4 tusen menneske. Det som var hestestall for tyskarane, var no omgjort til møtesal, som etter nokre år romma 750 personar. Kjøkkenbygningen hadde matsal til 160 personar og møtesal for 140. Det var overnatningsplass til 130 personar.

Kretssekretær Knut Fosså Rørtveit saman med kone og born var den drivande krafta som fekk utvikla eigedomen til ein praktisk og fin plass med mykje strev og slit i dei første tiåra etter krigen.

Sjølv om strevet med å byggja opp

leirplassen til sine tider var både utfordrande og krevjande, har alltid målet vore å gjera denne til ein betre reiskap for å spreia evangeliet. Vitnemåla frå dei mange barn og unge som har vore på leiranane, fortel om ei tid der dei gjennom leik, moro og alvor fekk varige minne for livet enten det var venskap som vart stifta, ord som vart hugsa eller den gode opplevinga saman med andre.

Stemnestaden er ikkje berre ein leirplass for barn og unge. I jubileumsåret er plassen utvikla til å vera ein samlingsplass for alle generasjonar der folk samlast til møte, festar, arrangement av ulike slag, og det er ein møteplass for ulike kyrkjessamfunn og kristne grupperingar.

Og bak alt dette lyder det kristne bodskapet om Frelsaren som vart fødd, og som gav livet sitt for å frelsa menneska. Dette gir kraft for dei som driv plassen, og det gir kraft for dei mange støttespelarane rundt omkring til å gi både pengar og arbeid til fornying og utstyr på plassen.

For dei som er interessert i jubileumsboka, kan denne tingast frå stemnestaden@normisjon.no eller ta kontakt på telefon 97 58 99 56.

## Dugnadsånd i Vikedal

Av Anne Gro Magnus

Soknerådet i Vikedal har hatt fleire dugnadsøkter denne våren. Før 17. mai samlast me til dugnad på kyrkjegarden for å få det fint til nasjonalrådagen. Då gjekk det i fjerning av ugras, trimming av hekk og planting av sommarblomar. Etter dugnad over to kveldstunder vart det fint på plassen rundt kyrkjegarden.

Eit par veker etter var det klart for måling av bedehuset. Det var oppmøte både frå soknerådet og bygdefolk til å få jobben gjort. I løpet av nokre fredags ettermiddag/kveldstimar og laurdag føremiddag var huset nymåla og fint.

Nå framstår Vikedal bedehus som eit svært godt halde hus, og er til stor glede og nytte for folk i Vikedal. Det er lagt ned eit veldig stort stykke arbeid for å oppgradera huset både innvendig og utvendig. Alt er gjort anten på dugnad eller av innsamla midlar gjennom ulike arrangement i regi av soknerådet og ungdomsklubben.



Tordis Bakkedal, Marit Særsten, Bjørgild Vetrhus og Tone Andreassen.



Andreas Andreassen og Hilde Fosen.



Anne Gro Magnus, Marit Særsten

## Friluftsgudsteneste i Vikedal

Tekst og foto: Andreas Andreassen



Foreldre: Ragnhilde Grimås og Thorbjørn Bruarøy

Vikedal sokneråd arrangerte friluftsgudsteneste på motorbanen i Vikedal søndag 1. august. Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde heldt gudstenesta i eit flott sommarvêr, på terrassen i det oppgraderte anlegget til NMK Vikedal. Juri Kotkovitch var organist. Preiketeksten var frå 18. kapittel i Matteusevangeliet, der tilgjeving og kjærleik er sentrale tema.

Dei to brørne Berge og Sigurd Grimås Bruarøy vart borne til dåpen. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med nysteikte vaflar og tid til ein god prat. Soknerådet håpar at gudstenesta på motorbanen kan bli ein tradisjon, og takkar NMK Vikedal for velvillig utlån av anlegget.



## Sommarkonsert i Vikebygd

Av Ingrid M. Sørvåg

Sundag 11. juli var det sommarkonsert i Vikebygd kyrkje. Dette er ein del av kulturdagane «Vikemusikk» som har blitt arrangerte dei siste åra.

Det var utfordrande dette året å arrangere kyrkjekonsert, kor mange kunne få vere med utan at det ville gå utover smittevernet? Det er også spennande å finne artistar som kan vere med midt i feriemånaden. Dei som deltok var ein flott miks av unge og vaksne, av fastbuande og ferierande. Særleg kjekt er det å leggje merke til at kulturskulen i Vindafjord gir godt grunnlag for ungdom som vil drive med musikk.

### Her er dei som var med:

- Kaia Kornelia Alne og Åsmund Hjorthol Opdal
- Caroline Thordal Bjørnevik og Heidi Lyngholm
- Øystein Birkeland
- Robert Gausvik
- Iselin Eidhammer Tveit, Håvard Tveit, Ellen Marie Andersen, Sunniva Tveit Gregersen, Ingrid Tveit
- Lina Fisk Eide

Det blei ein fin konsert, kyrkja var så full som ho kunne vere og det var tydeleg at folk likte det dei høyrt. Me fekk klassikarar som «Summertime», me fekk Dylan på haugesundsk, rocka gitar med Robert og roleg klassisk med Caroline og Heidi. Oddbjørn Mangrud

hadde god kontroll på teknikken. Siste songen me fekk høre var Gabrielas Sång, med Lina Fisk Eide og «Tveit-gjengen». Eg trur teksten seier noko om kvifor det var godt å samlast i kyrkja denne ettermiddagen:

*Det är nu som livet är mitt  
Jag har fått en stund här på jorden  
Och min längtan har fört mig hit  
Det jag saknat och det jag fått*  
– Helen Sjöholm

Overskotet av konserten var 5000 kr som blei send til Kirkens Bymisjon Haugalndet. Dei takka for gåva, som er eit kjærkome bidrag i arbeidet med å skapa betre kvardagar for menneske som strevar på ulike vis.



## Vikestølsmøtet

Av Steinar Skartland

### Så møttest vennene igjen på Vikestølen i slutten av juni. 70 i talet benka seg utanfor hytta.

Inge Halstensen frå Bekkjarvik tok oss med i eit interessant føredrag frå kristninga av Noreg og fram til i dag. Hans Nilsen Hauge som vart fødd for 250 år sidan, fekk mykje å seia for utviklinga som er prega av hans virke, inspirasjon og forkynning. At møtet klokka 12 varte lengre enn vanleg, var det ingen som uroa seg for.

Både føredraget og talen over teksten, som Halstensen også fekk til til, nådde fram til folket. Talaren

nemnde at han ikkje trudde det var slike stemne lengre nå. Når han fekk spørsmål om å delta, så var det lett å svara ja, og han vart positivt overraska over frammøtet.

Ein held på tradisjonen i Vikestølsmøtet. Matøkt med niste og eit ekstra møte på slutten av dagen (også det med godt frammøte). I solskinnet vart det både forkynning, bøn, allsong, flott song av ei gruppe med Guro Stople Sørhus saman med dottera Amalie, Geir Tore Sørhus og Jan Åge Brekke. Deltaking også frå fleire andre. Jørgen Landa hadde dikta song til Vikestølsmøtet.

## Hans N Hauge

Tone: Jesus din søte forening å smoke  
Tekst: Jørgen J. Landa 2021

Ungguten gjekk der på marka og plogde  
Song sine salmar så glad i sitt sinn!  
Då Han fekk kallet for Gud han seg bøygde  
Ut for å vitna og sjelene vinn!  
Stilte seg villig og ut han då farta  
Gjekk over landet i nord og i sør!  
Alle folk tykte det var heilt aparta  
Opna for mannen som fekk slik god bør!

Vitna han måtte for dette det rette  
Prestane måtte og leva eit liv!  
Slik han dei mange fekk tala til rette  
Hauge han peika på Herrens sitt blyv!  
Folket dei samla seg - Hauge å høyra  
Kring om i bygdene venner han fann!  
Alle dei måtte få dette i øyra  
Morgonen store for mange då rann!

Prestane samla seg – kongen vart varsla  
Møtene ville dei snarast få bort!  
Plakaten han var der og fangerom rasla  
Men mot han Hauge dei kom her til kort!  
Kringom han reiste og alle han hjelpte  
Fekk i gang verksemder ivra støtt på!  
Dette var livet som aldri han sleppte  
Livet for han var å hjelpa dei små!

Så vart han fengsla i fangerom for han  
Der vart han sitjande heile ni år!  
Før han til sist han vart fri, men ei mulkt fann  
Mannen som gav mange hjå oss godt kår!  
Etter den tida misjonen fekk feste  
Misjonslandet kom ja, det beste så bra!  
Dette me alle i dag kan få teste  
Misjonane mange dei står rad i rad!

Me hyllar deg Hauge med dette du synte  
Enno me lever og fruktene ber!  
Ja, over landet det her berre lynte  
Me fekk vår grunnlov og Noreg var her!  
Takk, takk for Hauge som lydig fekk vandra  
Gav oss Guds ordet og viste fram liv!  
Så me her sidan i lag me ei klandra  
Norge mitt Norge vårt einaste blyv!

28.03.21.jjl



Haugianerne. Adolph Tidemand 1848.

## Hans Nielsen Hauge og Vindafjord

Av Øivind Jønsson

3. april 2021 var det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge (1771–1824) vart født. Han var ein kjend lekpredikant, industrigründer og samfunnsbyggjar. I 1802 og 1804 var Hans Nielsen Hauge på reise i bygdene her. Han hadde då fleire møte hos Tobias Sjursen Måge på Svantesvold i Vats, og på Bjerga i Skjold.




artyngdepunkt. Samlingane i Ølen var oftast hos fargaren Nils Halvorsen.

Ein annan haugianar, som verka samtidig med Kristi, var Ole Eriksen Lø frå Ii svåg. Han hadde slik hug til å få tala med Hans Nielsen Hauge at han la i veg over til Austlandet, og trefte han ved Papirmølla på Eiker ved Drammen. På folkemunne blei Ole kalla Ola Gudsmann. Kristi og Ole hadde også haugianarsamlingar nede i Osen etter gudsteneste på preikesondagar.

Mange "predikantinner" sto fram i haugianarmiljøet kring om i landet. Kristi Svantesvold var ei av dei mest kjende av desse.

Kjelder: Soga om Vats (Haugianismen av Ole Johan Lindø)



(Foto: Misjonsalliansen)

**Minneord:****Minnest Erik Frøyland med takk**

Av Helga Sørhus

Erik Frøyland kom til Solberg Skule i Øvre Vats som lærar hausten 1966. Han var 19 år, nettopp ferdig på gymnaset, og skulle vera lærar for oss i 6. og 7. klasse. Det var modig gjort! Han var ung, kom kyrande på motorsykkel og var som eit friskt pust inn i skulekvar-dagen vår. Han hadde ein måte å vera på som fengja oss unge. I løpet av dette året starta Erik ei bibelgruppe for ungdommar i Øvre Vats. Ganske mange blei med. Me kjende at det var sterke krefter i sving, for og imot Erik og det å gå i denne gruppa. Og det var vondt då vennflokkar blei splitta. Denne bibelgruppa var grunnlaget for at det blei skipa eit kristeleg ungdomslag i Vats. Me er mange som er glade for at me fekk ungdomstida vår der. Og svært takknemlege for at Gud fekk brukा Erik på denne måten i bygda vår.

Erik lærde oss å syngja denne songen:

"Hvor underlig er du i alt hva di gjør,  
hvem kan dine veier forstå?

Men ett er dog sikkert:  
den vei du meg før',  
for meg er den beste å gå.  
Å, Herre du veier i tusentall har,  
og hvilken du velger for meg,  
får være det samme når blott  
du meg tar til Himmelten  
sammen med deg."

Den har kome i tankane mine nå.  
Erik, som betyddde så mykje for  
mange og som gjorde ein forskjell  
der han kom, opplevde dei siste  
åra å mista kreftene og også evna  
til å snakka. Eg undrar meg over at  
Gud let det skje. – "Hjem kan dine  
veier forstå?"

Erik hadde Parkinson sjukdom og døydde i heimen sin i Japan 21. mai. Han bygde eit livsverk der, Diaconia Senter, saman med kona og borna. Det gror i spora hans både i Vats og i Japan.

Takk for det han ga og betyddde for meg og mange andre!

**Misionær Erik Frøyland**

av redaktøren

- Født 21. august 1946
- Opphaveleg frå Skjold
- Døydde 21. mai 2021 i heimen sin i Haramura i Japan
- Utdanna Teolog (MF) 1974
- Ord.prest i Skjold kyrkje 1979, og vart innviggd som misjonær
- Reiste til Japan i 1979 for Misjonsalliansen
- Vart gift i 1985 med Noriko Shiote og fekk døttrene Martha og Manna.
- Bygde opp ei kyrkje og sjel-sorgsenteret Diaconia Center.

Noriko og Erik jobba saman for å utbreie Misjonsalliansens tanke om diaconi og kyrkjelyden sitt ansvar for vanskelegstilte. Det store høgdepunktet var nok då dei i 1990 kunne innvie Diaconia Center. Etter det store jord-skjelvet i Japan i 2011 deltok Erik i viktige diakonale tiltak for ramma menneske. Erik la i sitt liv la stor vekt på bønn og stillheit, og han gjorde ofte Frans av Assisis ord til sine: Forkynn evangeliet – om nødvendig med ord. «Vi tener mennesje med hender og føter», sa han i eit intervjuet med Misjonsalliansens magasin.

Erik hadde mange vener i bygdene våre og me vil lysa Guds fred over Erik sitt gode minne.

**GRAVSTEIN**

Se vår store utstilling, eller  
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

LUNDENESET VGS  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)

NLMvgs

**Knapphus K  
Bil**

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

**Knapphus K  
Dekk & Bilverksted**

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**GRANBERG  
GARVERI AS**

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

**Haugesund  
Sparebank****Aldri tie, aldri gløyme**

Av Ingrid M. Søråsg

Kyrkjeklokken ringte over heile landet den 22. juli klokka 12, til ære for dei som døydde i Oslo og på Utøya. Kyrkja ville markera ti-årsminnet, og også visa at me må vera på vakt. Me skal ikkje gløyma. Dei som er døyde, fortener det. Dei som lever og skal leva, treng det.

Vikebygd kyrkje var open, folk kom innom, berre for å sitja stille, lytta til orgelmusikk eller tenna lys. Det var òg markeringar i andre kyrkjer i kommunen.

**BLOMAR TIL GRAVFERD**

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

**Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)

**joker****Vikebygd Landhandel AS**

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)

**Ølen Betong**

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

**Ølen auto****tsrevisjon**

Autorisert regnskapsførerselskap

[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

**SpareBank  
SR-BANK**

| Dato       | Stad/kyrkje     | Tid   | Informasjon – sjå kungjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no                      | Bibeltekst         |
|------------|-----------------|-------|---|--------------------|
| 04.09.2021 | Ølen kyrkje     | 10:00 | Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet                                 | Laurdag            |
| 04.09.2021 | Ølen kyrkje     | 12:00 | Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet                                 | Laurdag            |
| 05.09.2021 | Ølen kyrkje     | 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord                         | Sø. Luk.10,38-42   |
| 05.09.2021 | Sandeid kyrkje  | 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Konfirmantarbeid                                   | Sø. Luk.10,38-42   |
| 05.09.2021 | Skjold kyrkje   | 11:00 | Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens SOS i Norge   | Sø. Luk.10,38-42   |
| 11.09.2021 | Bjoa kyrkje     | 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet                                 | Laurdag            |
| 12.09.2021 | Vats kyrkje     | 11:00 | Gudsteneste, 4-årsbok, Takkoffer: Sambolabo   | Sø. Matt.5,10-12   |
| 12.09.2021 | Ølen kyrkje     | 11:00 | Gudsteneste, Presentasjon av konfirmantar, Takkoffer: KRIK                              | Sø. Matt.5,10-12   |
| 12.09.2021 | Imsland kyrkje  | 11:00 | Skulestartgudsteneste (felles), Takkoffer: Lokal trusopplæring                          | Sø. Matt.5,10-12   |
| 12.09.2021 | Bjoa kyrkje     | 16:00 | Gudsteneste, Presentasjon av konfirmantar, Takkoffer: KRIK                              | Sø. Matt.5,10-12   |
| 19.09.2021 | Skjold kyrkje   | 11:00 | Familiegudsteneste, Takkoffer:  | Sø. Luk.7,11-17    |
| 19.09.2021 | Vikedal kyrkje  | 11:00 | Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Konfirmantarbeid                                   | Sø. Luk.7,11-17    |
| 26.09.2021 | Ølen kyrkje     | 11:00 | Gudsteneste, Konfirmantjubileum, Takkoffer: Leger uten grenser                          | Sø. Matt.8,5-13    |
| 26.09.2021 | Sandeid kyrkje  | 11:00 | Gudsteneste, Presentasjon av konfirmantar, Takkoffer: konf.arbeid                       | Sø. Matt.8,5-13    |
| 26.09.2021 | Vikebygd kyrkje | 11:00 | Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet, Konfirmantjubileum og konfirmantpresentasjon | Sø. Matt.8,5-13    |
| 26.09.2021 | Imsland kyrkje  | 17:00 | Gudsteneste, Presentasjon av konfirmantar, Takkoffer: konf.arbeid                       | Sø. Matt.8,5-13    |
| 03.10.2021 | Skjold kyrkje   | 11:00 | Gudsteneste, Takkoffer: Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte                       | Sø. 5.Mos.30,11-15 |
| 03.10.2021 | Vikedal kyrkje  | 11:00 | Gudsteneste, Presentasjon av konfirmantar, Takkoffer: konf.arbeid                       | Sø. 5.Mos.30,11-15 |
| 10.10.2021 | Imsland kyrkje  | 11:00 | Misjonsgudsteneste + 4årsbok, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap                      | Sø. Mark.10,2-9    |
| 10.10.2021 | Vats kyrkje     | 11:00 | Misjonsgudsteneste, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap                                | Sø. Mark.10,2-9    |
| 10.10.2021 | Ølen kyrkje     | 17:00 | Gudsteneste, Takkoffer: Frelesarmeene Haugesund   | Sø. Mark.10,2-9    |
| 17.10.2021 | Sandeid kyrkje  | 11:00 | Misjonsgudsteneste + 4årsbok, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap                      | Sø. Luk.16,19-31   |
| 17.10.2021 | Skjold kyrkje   | 11:00 | Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp, Konfirmantjubileum                            | Sø. Luk.16,19-31   |

## FRÅ KYRKJEBOKA

| Døypte          | Døde   | Vigde   |
|-----------------|--|---|
| <b>Bjoa</b>     | 23.05.21 Magnhild Haug<br>08.05.21 Anton Kåre Sørensen f. 1930<br>03.06.21 Sigmund Tveit f. 1924   | 24.07.21 Kamilla Harestad og Ole Lønning Solvang  |
| <b>Sandeid</b>  | 09.05.21 Jonas Grønnestad Mæhle<br>25.07.21 Eveline Nordtveit  | 17.05.21 Brønla Aarak f. 1929<br>06.06.21 Åse Agnes Blikra f. 1946  |
| <b>Ølen</b>     | 23.05.21 Aron Nordtveit Rullestad<br>04.07.21 Vegard Langelandsvik   | 17.05.21 Bjarne Noralf Lone f. 1937<br>17.05.21 Signe Helene Windsand f. 1927<br>21.06.21 Terje Ljosnes f. 1948<br>30.06.21 Mikkel Ingvald Djuvik f. 1933<br>16.07.21 Synneva Flesland f. 1923<br>06.08.21 Per Olaf Berge f. 1961 |
| <b>Skjold</b>   | 18.05.21 Ragnheidur Solveig Ingolfsdottir<br>30.05.21 Odin Nikolai Eide Knutsen<br>20.06.21 Olav Nådland<br>08.08.21 Agnes Haraldseid<br>08.08.21 Emil Mortveit<br>08.08.21 Viljar Steinstø Mortveit<br>08.08.21 Helge Emil Aass | 26.06.21 Åse Agnete Ersland f. 1955<br>06.07.21 Askild Rullestad f. 1934  |
| <b>Vats</b>     | 23.05.21 Karianne Tørresdal<br>27.06.21 Thea Log Rødde<br>18.07.21 Andreas Mørk Stråtevit<br>18.07.21 Benjamin Hatteland Shelton<br>15.08.21 Jakob Andreas Stølen-Ness   | 19.06.21 Ida Louise Wollertsen og Thomas André Kleppe   |
| <b>Vikedal</b>  | 20.06.21 Nora Eintveit Steinsholt<br>01.08.21 Berge Grimås-Bruarøy<br>01.08.21 Sigurd Grimås-Bruarøy   | 07.08.21 Bodil Kristin Hundseid og Erlend Hallingstad Vikedal   |
| <b>Vikebygd</b> | 23.05.21 Sofie Skartland Hovda<br>26.06.21 Lucas Deniz Ozberk Dommersnes   | 01.02.21 Kristen Bjørnevikt f. 1934<br>30.07.21 Jane Kristin Veim Dommersnes f. 1966  |
|                 |  | 26.06.21 Silje Dommersnes og Magnus Rønning   |

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

## Kyrketunet i Ølen

|       |         |       |  |
|-------|---------|-------|--|
| 07.09 | tysdag  | 19:30 | Bønnemøte/bønnnevandring                 |
| 09.09 | torsdag | 17:30 | Internasjonal treffpunkt                 |
| 09.09 | torsdag | 17.30 | Vindafjord Soul Kids (5–10 år)           |
| 11.09 | laurdag | 11:00 | Vindafjord Soul Children (5.–10. klasse) |
| 12.09 | søndag  | 17:00 | Opningsfest                              |
| 14.09 | tysdag  | 19:30 | Bønnemøte/bønnnevandring                 |
| 16.09 | torsdag | 17.30 | Internasjonal treffpunkt                 |
| 19.09 | søndag  | 11:00 | Familiesamling                           |
| 21.09 | tysdag  | 19:30 | Bønnemøte/bønnnevandring                 |
| 23.09 | torsdag | 17.30 | Internasjonal treffpunkt                 |
| 23.09 | torsdag | 19.30 | Vindafjord Soul Kids (5–10 år)           |
| 24.09 | fredag  | 18:00 | Fellesforum. Kåsør: Esther Moe           |
| 24.09 | fredag  | 19:30 | Fellesskap på tvers                      |
| 28.09 | tysdag  | 19:30 | Bønnemøte/bønnnevandring                 |
| 30.09 | torsdag | 17.30 | Internasjonal treffpunkt                 |
| 05.10 | tysdag  | 19:30 | Bønnemøte/bønnnevandring                 |
| 09.10 | onsdag  | 19:30 | Damenes aften                            |
| 07.10 | torsdag | 17.30 | Internasjonal treffpunkt                 |
| 07.10 | torsdag | 17.30 | Vindafjord Soul Kids (5–10 år)           |
| 09.10 | laurdag | 18:30 | Misjonskonsert Ølen kyrkje               |
| 12.10 | tysdag  | 19:30 | Bønnemøte/bønnnevandring                 |
| 19.10 | tysdag  | 19:30 | Bønnemøte/bønnnevandring                 |
| 20.10 | onsdag  | 19:00 | Egil Svardahl, Ølen kyrkje               |
| 21.10 | torsdag | 17.30 | Internasjonal treffpunkt                 |
| 21.10 | torsdag | 17.30 | Vindafjord Soul Kids (5–10 år)           |
| 23.10 | laurdag | 11:00 | Vindafjord Soul Children (5.–10. klasse) |

## Bedehusa i Skjold

|       |         |   |
|-------|---------|---|
| 07.09 | tysdag  | Austrheim: NMS Misjonsselskap             |
| 09.09 | torsdag | Ersland: Bønemøte                         |
| 11.09 | laurdag | Kyrkja: Avanaklubb                        |
| 14.09 | tysdag  | Isvik: NLM Misjonssambandet               |
| 21.09 | tysdag  | Ersland: Samemisjonen                     |
| 22.09 | onsdag  | Ersland: Basar Indre Sjø                  |
| 23.09 | torsdag | Ersland: Bønemøte                         |
| 25.09 | laurdag | Kyrkja: Avanaklubb                        |
| 28.09 | tysdag  | Austrheim: Flymisjonen                    |
| 29.09 | onsdag  | Isvik: Bedehusbasar                       |
| 30.09 | torsdag | Øvre Vats: 60 +                           |
| 05.10 | tysdag  | Isvik: Indre Sjømannsmisjon               |
| 07.10 | torsdag | Ersland: Bønemøte                         |
| 12.10 | tysdag  | Ersland: NMS Misjonsselskapet             |
| 19.10 | tysdag  | Austrheim: Normisjon                      |
| 21.10 | torsdag | Ersland: Bønemøte                         |
| 23.10 | laurdag | 10:30–12:00 Kyrkja: Avanaklubb            |
| 23.10 | laurdag | 12:00 Ersland: Bedehusbasar               |
| 25.10 | måndag  | 16:00–20:00 Austrheim: Innsamling Ukraina |
| 26.10 | tysdag  | Isvik: Normisjon                          |
| 28.10 | torsdag | Øvre Vats: 60 +                           |

## Bedehusa i Vats

|       |        |                                 |
|-------|--------|---------------------------------|
| 08.09 | onsdag | 19:00 Øvre Vats – Flymisjonen   |
| 15.09 | onsdag | 19:00 Blikrabygda – Indre Sjø   |
| 22.09 | onsdag | 19:00 Kårhus – Normisjon        |
| 29.09 | onsdag | 19:00 Øvre Vats – Godt Nytt     |
| 06.10 | onsdag | 19:00 Blikrabygda – NMS         |
| 13.10 | onsdag | 19:00 Kårhus – Indre Sjø        |
| 20.10 | onsdag | 19:00 Øvre Vats – Lys over Land |

## Vågen bedehus

Atterhald om koronatiltak. Oppdatert kalender på [vaagenbedehus.no](http://vaagenbedehus.no)

|       |         |   |
|-------|---------|---|
| 04.09 | laurdag | 12:00 Bibeltime – Talar: Gunnar Ferstad   |
| 04.09 | laurdag | 20:00 "Grill en bibelskoleretur" Talar: Gunnar Ferstad  |
| 05.09 | søndag  | 11:00 Storsamling – Talar: Gunnar Ferstad.<br>Eige opplegg for borna.   |
| 08.09 | onsdag  | 20:30 Bønnemøte<br>Storsamling på Bygdasenteret med søndagsskole og middag på Brandøy.<br>Talar: Karl Einar Tvedt |
| 12.09 | søndag  | 11:00 Bønnemøte<br>Torsdag: Bygdasenteret.  |
| 15.09 | onsdag  | 20:30 Bønnemøte   |
| 18.09 | laurdag | 19:30 Temasamling – tro og medier Seminar v/ Jarle Haugland fra Tro & Medier                                      |
| 22.09 | onsdag  | 18:00 Nettverksmøte for søndagsskulen   |
| 22.09 | onsdag  | 20:30 Bønnemøte<br>Storsamling for hele familien  |
| 26.09 | søndag  | 11:00 Stad: Bygdasenteret.<br>Talar: Olaug Vigdal og Marianne Muff Eriksson                                       |
| 29.09 | onsdag  | 20:30 Bønnemøte   |
| 06.10 | onsdag  | 20:30 Bønnemøte<br>Storsamling med søndagsskole og dåp  |
| 10.1  |         |   |

# Sommaraktivitetar

Av Øivind Jørnsson

Etter eit år med få store samankomstar har mykje retta seg denne sommaren. Kristi himmelfartsdag, 13. mai, var det fellesgudsteneste i Imsland. Folk frå ei rekke av bygdene i Vindafjord møtte fram og nyte å vera saman i det fine veret. Soknepresten, Hunde, leia gudstenesta på stranda utanfor kyrkja. Etterpå var det kyrkjekaffi og noko underhaldning.

6. juni var det friluftsgudsteneste på Refsnes. Kristian Kyllingstad var no på plass att etter permisjonstida. Speidarane var som vanleg med, og etter sjølve gudstenesta var det opptak av nye speidara. Mange var med og nyte denne fine sommardagen, også med grillmat og bålkaffi.

Folk frå Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats har samlast til møte på Vikestølen ein gong om sommaren heilt



Friluftsgudsteneste på Refsnes (foto: Steinar Sørhus)

sidan år 1900. 27. juni var det tid for stemnet i år, og heile 70 møtte til to møte. Eit sentralt tema var foredrag ved Inge Halstensen om Hans Nielsen Hauge, sidan vi i år markerer 250 år for hans fødsel.

Også sommarleirar var det mogleg å arrangera i år. På "Vi over 60"-leiren

på Lundeneset i juli var det over hundre påmelde. I tillegg kom også folk frå bygdene omkring til desse møta. På Brandøy Misjons- og konferansesenter fekk dei gjennomført alle dei fire leirane sine for barn og familar, og 21.–22. august vart det Brandøyhelg.  
Sjå også side 5 og 6.

## Basar ved Imsland kyrkje

Av Marita K. Staurland

Onsdag 21. juli var det duka for basar ved Imsland kyrkje. Soknerådet hadde stelt i stand med kaker og drikke attåt, samt sal av både lodd og årer. Grunna korona og litt annleis forhold, vart ikkje basaren halde på bedehuset slik som alle føregåande år, men arrangementet tok plass utandørs i skinande sol på kyrkja sin parkeringsplass. Her fordelte dei framsmøtte seg med utsikt mot fjorden.



Basar ved Imsland kyrkje.



Belgtöttene stod for musikken.

Belgtöttene stod for musikk denne kvelden og fylte parkeringsplassen med livlege trekkspeltonar. Kretssekretær i Indre Sjømannsmisjon, Svein Helge Torsteinbø, heldt andakt, og Morten Brekke stod for trekning. Nokon av dei mindre barna som

hadde møtt opp bidrog gladleg med utdeling av gevinstane. Mange av premiane var heimelaga og donert av bygdefolket, blant anna sokkar og pledd som kom godt med utpå kvelden då sola gjekk ned og temperaturen sank.

**Åndaktstelefonen**  
**380 91 700**  
Åpent hele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten  
er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

 **Kirkens SOS**  
22 40 00 40

**SOS-melding:** [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 21. oktober.

Frist for levering av stoff:  
**28. september**